

Nordfjord vassområde



Referat frå temamøte om spreidde avløp 30.11.2016.

Nordfjord Vassområde.

Møtet vart avhelde på Trivselshagen på Sandane kl. 10.00 til 14.00.

Desse møtte: Gunnar Furelid, Flora kommune. Staffan Hjohlman, prosjektleiar. Solfrid Trå, Jølster kommune. Arne Mykland, Gloppen kommune. Stanislaw Voldsund, Eid kommune. Øystein Solheim, Vågsøy kommune. Borghild Guddal og Kolbjørn Nilsen frå Stryn kommune. Ståle Hatlelid, Hornindal kommune og Kristian Nave, Selje kommune.

Bakgrunnen for møtet var mangelen på systematisk tilsyn med små avløpsanlegg i alle kommunane i Nordfjord Vassområde.

Det var før møtet sendt ut statestikk over små avløpsanlegg i dei ulike kommunane. Desse vart oppdaterte etter beste evne før eller i møtet.

Staffan Hjohlman innleia om miljø- og lovgrunnlag for tilsyn med spreidde avløp.

Gebyrforskrift v/ Gunnar Furelid, Flora kommune.

Gunnar Furelid var invitert for å ha innlegg/dele sine erfaringar frå eit fungerande tilsynsregime i Flora kommune. Flora har innført gebyrforskrift og har årleg gebyr for alle bustad- og fritidseiningar med innlagt vatn. Gebyret er no kr. 283,- for private og ca. kr. 600,- for næring. Inntektene frå gebyr finansierer to stillingar og ein bil.

I oppstarten vart det sendt ut brev til alle grunneigarar med spørsmål om kva for avløpsløyse som var på kvar eigedom. Det ligg føre ein mal for det brevet. Det kom inn svar frå minst 90 % av grunneigarane. Svara er no under digitalisering.

Det er noko reaksjon på gebyret. Dei som tek kontakt får tilbod om tilsyn når det måtte passe.

Det passar ofte dårleg. Stanislaw Voldsund: urettvist med tilsynsgebyr på nye, gode anlegg.

Furelid: mange feil på nye anlegg. Solfrid Trå: Viktig å følgje opp spesielt minirensanlegg.

Det er ikkje alltid utført service eller den er mangelfullt installert.

To av møtedeltakarane har vore på kurs om små avløpsanlegg i Bergen. (Solfrid Trå og Øystein Solheim) Forelesar Gjertrud Eid hadde framheva at det var viktig med tilsyn under/etter montering slik at ein kan sjekke at anlegget virkar (er rett montert)

I Flora varslar ein ikkje tilsyn fordi det har fleire ulemper og det skapar støy. Det blir ofte fuska, eks; oppfylling av tank som har lekkasje. Varsling av tilsyn vil ein ikkje tilrå.

Det er og meir rasjonelt fordi ein kan planlegge betre og ta fleire tilsyn i same område samtidig. Ved tilsyn vert det skrive tilsynssjekkliste med gjennomslag. Originaldelen vert lagt i postkassa til dei det gjeld. Den som utfører tilsyn må ha kunnskap om alle typar anlegg, kva feil som kan oppstå og korleis ein avdekkar feila.

Gjennomgang av brevmalar og prosedyrar som er brukt i Flora.

Mangelbrev, førehandsvarsel m.fl. Desse er godt gjennomarbeida og sjekka av jurist. Andre kommunar kan få tilgang til å bruke desse.

Bruk av Septik24 sine feilrapportar. I avtalen med Septik24 bør ein forhandle fram levering av gode feilrapportar som nyttige for kommunen. Leggast inn in KomTek av kommunen.

Nordfjord vassområde



Ein må vere merksam på at i septiktankar kan det vere ymse gifter, medisinar og andre ting i kloakken.

Borgild Guddal: Legg kommunen rapport frå Sptikk24 til grunn for vedtak om utbetring?

Gunnar Furelid: Nei, vi går tilsyn først og dokumenterer med bilete og skriv så varselsbrev. Det er viktig med god dokumentasjon og at vi kjenner saka godt for å svare på spørsmål og andre reaksjonar på varselbrevet.

Neste mal: Forlenging av frist.

Kommunen set ein frist på 6 veker heile året i førehandsvarselet. Dette mest for å komme i kontakt med grunneigar. Mange tek då kontakt og ein kjem då fram til ein rimeleg frist for utbetringa. Det neste er då «Pålegg om utbetring», delegasjonsvedtak med to underskrifter. Vedtak som er gjort med heimel i *Forurensingsloven* har Fylkesmannen (FM) som klageinstans.

Dersom kommunen lagar eigen forskrift om td små avløpsanlegg er det kommunen som er klageinstans.

Klager i Flora (*forurensingsloven*) vert handsama administrativt av kommunen. Held kommunen fast på vedtaket vert saka sendt til FM for endeleg avgjerd.

Neste mal: Vedtak om tvangsmulkt.

Det som virkar best er ei stor eingangsmulkt, eks. kr. 100.000,-

Dagmulkt virkar ikkje så bra, nokre betaler og kva gjer ein då? Pass på å ikkje endre praksis under vegs. Det er viktig å handsame alle likt.

-Lunsj-

Påverknad av spreidde avløp v/prosjektleiar Staffan Hjohlman.

Gjennomgang av registreringar i vassdrag i Nordfjordkommunane.

Det er vanskeleg å skilje mellom påverknad frå landbruk og spreidde avløp.

Liten gjennomgang av Asplan Viak-rapporten frå 2014 Om landbruk og spreidde avløp. Den viser varierende påverknad frå spreidde avløp, og at jordbruk som regel påverkar vassdraga i større grad.

Kurs i tilsyn og spreidde avløp i Bergen v/ Solfrid Trå.

Supplert av Øystein Solheim som også gjekk på kurset.

Kursheftet som var nytta på kurset var godt men meint for kurset. Kan kanskje distribuerast pdf-ar eller plansjar frå kurset.

Kurset var arrangert av fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland. NORSK VANN og NIBIO stod for kurset.

- Tema for kurset: Juridisk grunnlag og mynde
- Finansiering (gebyrforskrift)
- Organisering
- Kompetanse og ressursar
- Gjennomgang av ulike anleggsløysingar og viktige kontrollpunkt
- Tilsyn

Hjelpemidlar:

- www.miljokommune.no
- www.avlop.no
- www.norskvann.no

Nordfjord vassområde



- www.va-jus.no
- www.avlopguiden.no
- www.avlopnorge.no
- www.va-blad.no
- Facebook gruppe: Spredt avløp – faggruppe for saksbehandlere I offentlig sektor.

Gebyrforskrift: Viktig med god forankring og forståing politisk/administrativt.

Organisering: Koordinering byggsak – ureining – helse.

Kompetanse internt: kunnskap om alle typar anlegg, forvaltning, juss – omfattande.

Kompetanse eksternt: Fylkesmannen FMMA, Fylkeskommunen, private firma.

Økonomi: NAV, Husbanken, Boligkontoret.

Økonomiske tilhøve skal ikkje takast omsyn til når ein fattar vedtak.

Utsleppsløyve: Søknadsplikt både etter PBL og Ureiningslova

Tilsyn:

- Ureiningslova: Oppfølging av utsleppsløyve; unngå ureining og sikra miljømål
- PBL: Sikra kvalitet på utført arbeid bed rehabilitering og nye utsleppsløyve

Det vart diskutert fleire konkrete tema rundt tilsyn og oppfølging.

- Lokal eller interkommunal organisering. Vertskommune. Felles forskrift og tilsyn.
- VA – tidleg inn i td reguleringsplanar, det må avsetjast nok plass til VA-løysingar.
- Ansvarsrett. Diskusjon om korleis dette skal avgjerdast. Dei som tek på seg ansvar må ein gå ut ifrå brukar sertifisert utstyr.
- Eigarane kan gjere ting sjølve. Dette må vere greitt for enkle ting.

Tilsyn – oppfølging i etterkant.

- Tilsynsplan – prioriter områder med dårleg miljøtilstand o.l.
- Kartlegging – mange kilder. M.a. sitte på med slambilen.
- Avvik – ymse grader.
- Lukking av avvik

Tilsyn rundt i landet.

Staffan Hjohlman orienterte om fleire stader i landet og korleis arbeidet/samarbeidet var organisert.

Vegen vidare.

- Diskusjon om korleis kome i gang med organisert tilsyn i Nordfjord.
- Innspel frå Vassområdet?
- Presentere innspelet frå Eid kommune?
- Motivere/informere politisk

Framlegg frå prosjektleiaren.

Nytt møte over nyttår om same tema. Dato 19.01.2017.

Kristian Nave med hjelp frå Solfrid Trå
ref